



Helsedirektoratet  
Postboks 220 Skøyen  
0213 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

## Tilråding om at det blir gitt pålegg til Lindås kommune om å opprette turnusplass for fysioterapeutar 15. august 2019 – 14. august 2020

Etter at kommunar, helseføretak og institusjonar som har avtale med Helse Midt-Norge og Helse Vest har meldt inn kor mange turnusplassar dei kan tilby det komande turnusåret, manglar det plassar til 34 turnusfysioterapeutar. I tillegg manglar det plassar til nokre som hadde att mindre enn 12 månadar av turnustenesta.

Frå tidlegare år veit vi at det frå no av og fram til turnusåret byrjar den 15. august 2019, blir ein reduksjon i talet på kor mange som faktisk byrjar i turnus. Vi kjenner imidlertid ikkje noko til kor stor denne reduksjonen blir.

Vår oppgåve er å skaffe for nok turnusplassar. Dato for val av plassar er ikkje bestemt. Utdanningsinstitusjonane har gitt tilbakemelding om at det vil høve for dei å velje plassar i veke 11.

Vi har gitt varsel om pålegg til Lindås kommune om å opprette turnusplass for fysioterapeutar 15. august 2019 – 14. august 2020. Vi har også gitt varsel om pålegg til andre kommunar og til dei to regionale helseføretaka.

Lindås kommune har gitt tilbakemelding om at kommunen kan leggje til rette og tilby turnusplass. I telefonsamtale i dag stadfestar einingsleiar dette. Det er ikkje teke høgde for denne stillinga i budsjettet.

Det er svært ønskjeleg å unngå venteliste på turnusplassar. Etter den kontakten og samarbeidet som vi har hatt med dei andre embeta i regionen om å skaffe turnusplassar, har vi no ikkje andre alternativ enn å be om at Helsedirektoratet gir pålegg, jf. forskrift om praktisk tjeneste (turnustjeneste) for å få autorisasjon som fysioterapeut § 11 og helse- og omsorgstenestelova § 8-1.

Vi meiner at Lindås kommune har faglege føresetnader for å ta imot ein turnusfysioterapeut kvart halvår i perioden 15. august 2019 – 14. august 2020. Vi tilrår at Helsedirektoratet gir pålegg til Lindås kommune om å opprette turnusplass 15. august 2019 – 14. august 2020.

Dokument i saka er vedlagt.



Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Anne Grete Robøle  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ